

Prop. 53 S

(2009–2010)

Proposisjon til Stortinget (forslag til stortingsvedtak)

Låneopptak for Oslopakke 3 i 2010

*Tilråding fra Samferdselsdepartementet av 20. november 2009,
godkjend i statsråd same dagen.
(Regeringa Stoltenberg II)*

1 Bakgrunn

Samferdselsdepartementet viser til omtale av Oslopakke 3 i Prop. 1 S (2009-2010) s. 77. Styringsgruppa for Oslopakke 3 har lagt fram eit forslag til handlingsprogram for veg- og jernbanetiltak for perioden 2010 – 2013. Akershus fylke ga sin tilslutning til handlingsprogram for Oslopakke 3 for perioden 2010 – 2013 ved vedtak i fylkestinget den 29. oktober 2009. Oslo kommune ved bystyret ga sin tilslutting til handlingsprogrammet den 11. november 2009. Lokalt er det lagt opp til at handlingsprogrammet skal rullerast kvart år.

Det går fram av St.meld. nr. 17 (2008-2009) at revisjon av pakken og portefølja skjer ved rullering av Nasjonal transportplan, oppfølgjande handlingsprogram og i dei årlege budsjetta. Det er vidare lagt til grunn at gjennomføringa av Oslopakke 3 og val av prosjekt/tiltak skal skje ved ei målretta styring av pakken.

Når det gjeld aktiviteten for Oslopakke 3 i 2010, vil denne i all hovudsak vera knytt til tiltak og prosjekt som allereie er sett i gang. Samferdselsdepartementet vil leggja fram ei sak for Stortinget om hovudinnretninga i handlingsprogrammet for Oslopakke 3 for perioden 2010–2013 på nyåret.

2 Låneopptak for Oslopakke 3 i 2010

Dette framlegget omhandlar låneopptak for Oslopakke 3 i 2010 for finansiering av prosjekt som er under bygging.

På grunn av redusert inntektsgrunnlag i bomringen i 2010 og bindingar som er knytt til veg- og kollektivprosjekt som allereie er sett i gang, som rv 150 Ulven-Sinsen, E18 Bjørvika og Kolsåsbana, og Stortinget sine føringar om at minst 25 pst. av dei årlege bompeneinntektene skal øyremerkast finansiering av drift og mindre vedlikehaldsinvesteringar innan kollektivtrafikken, har styringsgruppa for Oslopakke 3 foreslått eit låneopptak på om lag 1 mrd. kr i 2010.

Det er ikkje i tidlegare framlegg for Stortinget om Oslopakke 3 opna for at bompengeselskapet Fjellinjen AS kan ta opp slike lån. Det er derfor naudsynt med Stortinget sitt samtykke til at Fjellinjen AS kan ta opp eit lån i 2010.

Det er rekna eit netto finansieringsbidrag frå bomringen for 2010 på om lag 1,8 mrd. kr, medan innmeldte behov for anna finansiering for å gjennomføre Oslopakke 3-prosjekt innanfor ansvarsområda til Akershus fylke, Oslo kommune og Statens vegvesen for 2010 er om lag 2,8 mrd. kr.

Departementet legg til grunn at framtidige renteutgifter ved eit større låneopptak i 2010 må dekkjast inn gjennom reelle omprioriteringar frå andre tiltak i Oslopakke 3. Dette ligg òg til grunn for ar-

beidet med handlingsprogrammet for perioden 2010–2013.

3 Lokal handsaming

Akershus fylke har gjeve sin tilslutning til låneopptak for 2010 ved vedtak i fylkestinget den 29. oktober 2009.

Oslo kommune ved bystyret ga sin tilslutning til låneopptak ved vedtak den 11. november 2009.

4 Behovet for bompengar i 2010

Tabell 4.1 viser behovet for bompengar fordelt på lokale tiltak i Akershus og Oslo, og riksveg for 2010.

Tabell 4.1 Forslag til fordeling av bompengar for 2010.

Budsjett 2010 Oslopakke 3 – bompengar	Mill. 2010-kr
Riksveg	
Store prosjekt Oslo*)	900
Store prosjekt Akershus	0
Programområde inkl. planlegging i Oslo og Akershus	169
<i>Sum Riksveg</i>	<i>1 069</i>

Lokale tiltak Oslo

Strekningsvise tiltak og programområde ..	113
Auka tilskot kollektivtransport	336
Opprusting T-bana	395
Planlegging	28
<i>Sum Oslo</i>	<i>872</i>

Lokale tiltak Akershus

Større kollektivtiltak	412
Strekningsvise tiltak og programområde ..	196
Auka tilskot kollektivtransport	267
Planlegging	28
<i>Sum Akershus</i>	<i>903</i>

Sum behov bompengar 2010 2 844

*) Denne summen inkluderer løying på 20 mill. kr til ei eventuell oppstart av E18 Sydhavna i 2010. Dette beløpet er ikke inkludert i Prop. 1 S (2009-2010) tabell s. 78 og tekst s. 82

Samferdselsdepartementet

t i l r å r :

At Dykkar Majestet godkjenner og skriv under eit framlagt forslag til proposisjon til Stortinget om låneopptak for Oslopakke 3 i 2010.

Vi HARALD, Noregs Konge,

s t a d f e s t e r :

Stortinget blir bedt om å gjere vedtak om låneopptak for Oslopakke 3 i 2010 i samsvar med eit vedlagt forslag.

Forslag

til vedtak om låneopptak for Oslopakke 3 i 2010

I

Stortinget samtykkjer i at Fjellinjen AS i 2010 får løyve til å ta opp lån på inntil 1,1 mrd. kr i tråd med vilkåra i denne proposisjonen.

